

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 10.12.18
SAKSHANDSAMAR: Magne Høgelid
SAKA GJELD: **Oppnemning av nytt Brukarutval i Helse Bergen**

STYRESAK: **123/18**

STYREMØTE: **19. desember 2018**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Bergen oppnemner nytt Brukarutval i Helse Bergen for perioden januar 2019 t.o.m. desember 2020 slik det er foreslått i saka.
2. Styret ber om at utvalet på første møte konstituerer seg og vel leiar, nestleiar og arbeidsutval.

BAKGRUNN

I retningslinjene for brukarmedverknad på systemnivå i Helse Vest, styresak 043/14, står det at følgjande kriterier skal gjelde for samansetting av det regionale brukarutvalet:

- Brukarrepresentantane skal sjølv ha erfaring som pasient – og/eller pårørande, og bør som hovudregel ikkje vere medlem av andre brukarutval i Helse Vest.
- Det er ein føresetnad at brukarrepresentantane har/tek på seg å vere kvalifiserte til å delta og bidra til forbetring gjennom planmessig kompetanseutvikling og systematisering av eigne og andre sine erfaringar.
- Alle verksemdsområda, somatikk, psykiatri og TBS (tverrfagleg spesialisert rusbehandling) skal vere representerte i det regionale brukarutvalet.
- Det vil og bli lagt vekt på at mindre synlege pasientgrupper og pasientgrupper som i mindre grad er i stand til å ta vare på eigne interesser er representert. Dette er til dømes etniske minoritetar og barn og unge.
- Medlemmane skal vere geografisk jamt fordelte, det skal vere tilnærma lik fordeling mellom kvinner og menn, og det skal vere ei rimeleg alderssamansetting.

Det blir i Helse Bergen lagt til grunn tilsvarande kriterium.

Helse Bergen har bedt brukarorganisasjonane om å kome med kandidatar til nytt brukarutval for perioden januar 2019 t.o.m desember 2020. Brukarutvalet vil med dette ha fem faste representantar frå FFO, to frå SAFO, ein frå Fylkeseldrerådet/pensjonistforbundet i Hordaland, ein frå Kreftforeningen, ein frå interesseorganisasjon innan rusfeltet og ein frå innvandrarrådet i Hordaland. Det er like mange vararepresentantar som faste medlemar.

Administrerande direktør vedtok i inneverande periode at talet på medlemar i Brukarutvalet i Helse Bergen skulle aukast frå 10 til 11. Bakgrunn for endringa var også vedtak i programstyret for etikk- og kommunikasjonsprogrammet der invitasjon til innvandrarrådet om deltaking i Brukarutvalet vart tilrådd. Styrkinga blei gjort for å oppnå større grad av likeverd, og at ein mellom anna kunne ivareta etniske minoritetar på ein betre måte.

Det nye Brukarutvalet vil halde sitt første møte 15 januar 2019.

Det er foreslått følgjande samansetting av nytt brukarutval:

Faste medlemar		Varamedlemar	
Namn	Brukarorganisasjon	Namn	Brukarorganisasjon
Inge Aareskjold Fiskvik	FFO	1. Kirsten Eikanger Mjelde	FFO
Dag Einar Liland	FFO	2. Marianne Clementine Håheim	FFO
Linda Haugland	FFO, ny	3. Trude Aarseth	FFO
Anita Sæløen Hop	FFO, ny	4. Rune Stiansen	FFO, ny
Reidun T. Rinde	FFO, ny	5. Eva Kirkeby	FFO, ny
Hjørdis Dahle	SAFO	1. Ulrikke Amundsen Tranberg	SAFO
Gunnar Langlo	SAFO, ny	2. Lill-Sonja Bersaas	SAFO, ny
Hans Fevang	Kreftforeningen, ny	Atle Grung Eide	Kreftforeningen, ny
Inger Lingjerde	Fylkeseldrerådet	Monrad Reigstad	Fylkeseldrerådet
Gudeta Bayissa (mann) ny	Det felles Innvandreråd ny	Gifty Ama Nordbø (kvinne)	Det felles Innvandreråd ny
Christine Lønne	Prolar, ny	Sindre Remme Strand	RIO, ny

FFO er Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO er samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner

RIO er Rusmisbrukernes interesseorganisasjon

ProLAR er også interesseorganisasjon innan rusfeltet